



Innkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 07.09.2023
Møtestad: Kommunestyresalen, Flodmaal
Møtetid: 09:00 - 15:00

Orienteringar:

- Status busetting flyktningar
- Prosjekt "Arbeid for alle"
- Oppvekstplan
- Statnetts arbeid med ny transformatorstasjon
- Status vilkårsrevisjon
- Status arbeid med sti til dagsturhytta
- Status diverse investeringsprosjekt

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
036/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
037/2023	Godkjenning av møteprotokoll
038/2023	Referatsaker
039/2023	Orienteringssaker
040/2023	Prosjekt "Turveg til Olav Nygard Bu" - forskottering av midlar
041/2023	Prosjekt "Arbeid til alle" - Oppsummeringsrapport for konseptfasen 2022 - 2023
042/2023	Modalen kommune som "typisk turiststad"
043/2023	Søknad om fritak frå buplikt gnr. 77 bnr. 40
044/2023	Endringar i røystestyre
045/2023	Justert oppmoding om busetting av flyktningar

1. september 2023

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/269

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	23/269

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 15.06.2023

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/269

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
038/2023.1	Stølsheimen verneområdestyre, møteprotokoll 9. juni 2023
038/2023.2	Protokoll 3-2023 Regionrådet Nordhordland fredag 2. juni

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/269

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
039/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Orienteringssaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
039/2023.1	Ny samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk tjeneste

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad	FA-C22	23/189

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
040/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Prosjekt "Turveg til Olav Nygard Bu" - forskottering av midlar

Forslag til vedtak:

Det vert løyvd kr 300 000 til forskottering av utgifter til trinn 1 i prosjektet «Turveg til Olav Nygard Bu», finansiert med bruk av fondskonto 251080002/251080030. Midlane tilbakeførast ved mottak av eksterne tilskotsmidlar.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I investeringsbudsjettet for 2023 er det løyvd kr 250 000 til turvegar. I sak 034/2023 er det gjort vedtak om at løyvinga vert overført til idrettslaget og skal nyttast til prosjekt «Turveg til Olav Nygard Bu». Idrettslaget er prosjektansvarleg i arbeidet med oppgradering av turvegen til dagsturhytta.

Fyrste trinn i prosjektet har medført auka utgift utover løyvinga på kr 250 000. Dette er planlagt finansiert av tilskotsmidlar. Det er/vil verte søkt om tilskot frå fleire aktuelle gjevarar. Dette er spelemidlar, tilskot frå fylkeskommunen, Olav Thon Stiftelsen, ulike tilskotsmidlar frå Sparebanken Vest samt Rieberfondene. Det tar noko tid å få avklart om, og kor mykje tilskotsmidlar ein kan få, samt kor tid det evt kan utbetalast.

Vurdering

I påvente av tilskotsmidlar er det behov for å forskottere midlar, altså ein mellombels finansiering. Endeleg kostnad for arbeidet med legging av stein er ikkje klart enno, men det er førebels lagt til grunn eit behov på kr 300 000 utover løyvinga på kr 250 000. Dette inkluderer òg utgift til helikopter. Det vert vurdert at dette kan finansierast ved bruk av fondsmidlar på kto 251080002 Fond for ferskvassfisk og 251080030 Midlar til fiske, vilt og friluftsliv. Det er samla om lag kr 2,3 millionar på desse fonda. Det må gjerast ei avklaring og avgrensing knytt til bruken av midlane i høve til konsesjonsvilkåra. I utgangspunktet ser det ut til at om lag 29 % av årleg tilførsel av midlane kan nyttast til friluftsføremål. Men det må gjerast ei avklaring av den konkrete bruken.

Konklusjon

Det vert tilrådd løyvd kr 300 000 til mellombels finansiering/forskottering av påløpte kostnader til legging av stein til dagsturhytta utført av Stibbyggjaren AS. Løyvinga finansierast med bruk av avsette midlar til fond frå årlege betalningar frå Eviny til fiske, vilt og friluftsliv, innbetalt på grunnlag av konsesjonsvilkåra knytt til vasskraftutbygging. Dette er midlar på balansekonto 251080002 Fond for ferskvassfisk og 251080030 Midlar til fiske, vilt og friluftsliv. Endeleg finansiering vert å komme tilbake til når aktuelle tilskot er avklart.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland	FA-X61	20/19

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
041/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Prosjekt "Arbeid til alle" - Oppsummeringsrapport for konseptfasen 2022 - 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek oppsummeringsrapporten til orientering. Kommunestyret støtter vidareutvikling av aktivitet- og arbeidstiltak skissert i rapporten sett i samanheng med utvikling og synergieffektar opp mot andre kommunale tilbod.

Saksopplysningar:

Kommunestyret vedtok i sak 022/2021 å løyve inntil kr 350 000,- i tilskot frå Næringsfondet til konseptfase for prosjekt «Arbeid til alle» og prosjektmandat.

Prosjektgruppa har følgd opp prosjektet gjennom 2022 og 2023, og vedlagt saka er oppsummeringsrapport for konseptfasen.

Bakgrunn

I fleire år har ein drøfta problemstillingar knytt til dei utfordringane som det å stå utanfor arbeidslivet skapar. Tema har m.a. vore drøfta både i nasjonal og regional samanheng, og lokalt i Modalen kommune i tenestene, i innbyggjarmøte og på politisk nivå.

I 2020 og 2021 vart det utarbeid framlegg og grunnlag til eit prosjekt «Arbeid til alle» som har hatt som føremål å undersøke og skissera moglege tiltak som kan få innbyggjarar i Modalen, som i dag fell utanfor arbeidslivet, inn i aktivitet og arbeid. Samstundes har det vore sentralt å sjå kva tenestebehov som er gjeldande no og i tida framover i Modalen for å sikre eit godt liv for innbyggjarar.

Mandatet for prosjektet vart vedteke i sak 022/2021. Mandatet omtalar fleire mål, og set fokus på fleire ulike behov. Oppsummert er desse knytt til to hovudønskje:

1. At Modalen kan tilby alle innbyggjarane, også dei som fell utanfor arbeidslivet i dag, gode

verdige liv med aktivitet og arbeid.

2. Å løysa fleire oppgåver i Modalen, og skapa verdi for innbyggjarane.

Prosjektet har vore følgt opp gjennom prosjektleiar frå Region Nordhordland IKS, som har utarbeida rapport frå konseptfasen. Det har gjennom 2022 og 2023 vore møter i arbeidsgruppa og styringsgruppa, og arbeidet gjev grunnlag for å vurdere vidare utviklingsarbeid knytt til aktivitets- og arbeidstilbod.

Vurdering

Det er i oppsummeringsrapporten skissert ulike modellar for vidare utvikling av lågterskeltilbod og/eller tilrettelagde stillingar og arbeidskoordinator/aktivitetsleiar. Desse gjev eit godt grunnlag for å sjå nærare på andre utviklingsområde i Modalen kommune for å finne gode synergieffektar på tvers av fagområde og tilbod. Det er behov for å sjå nærare på kostnader og gevinstar ved eventuelle tiltak og oppretting av moglege tilbod.

Kommunestyret får oppsummeringsrapporten og saka til handsaming. Rådmannen tilrår at prosjektgruppa får støtte til å jobbe vidare med aktuelle løysingar for utvikling av lokale tilbod og aktivitet- og arbeidstiltak basert på skissene i rapporten. Det vil vere sentralt i dette arbeidet å sjå heilskapleg på kostnadene og gevinstane knytt til eventuelle tiltak og prognoser for budsjett i åra framover.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret tek oppsummeringsrapporten til orientering, og støtter vidareutvikling av aktivitet- og arbeidstiltak skissert i rapporten sett i samanheng med utvikling og synergieffektar opp mot andre kommunale tilbod.

Vedlegg:

Oppsummeringsrapport - Prosjekt "Arbeid til alle"

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland		23/273

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
042/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Modalen kommune som "typisk turiststad"

Forslag til vedtak:

Modalen kommune søker om revidering av forskrift om godkjenning av Modalen kommune som typisk turiststad (2013) med endring til å gjelde heile året.

Saksopplysningar:

Modalen kommune er godkjent som typisk turiststad for perioden f.o.m. mai t.o.m. august, etter forskrift om godkjenning av Modalen kommune som typisk turiststad. Dette gjev føringar for mellom anna opningstider for butikkar. Modalen kommune har fått førespurnad frå styreleiar i Coop Modalen om å sjå nærare på moglegheita for å endre forskrifta til å gjelde heile året.

Bakgrunn

Opningstid og dagar for sal frå faste utsalsstader, som butikk, vert regulert av lov om helligdager og hellidagsfred. På heilagdagur skal faste utsalsstader holde stengt, og på jul-, påske- og pinseaften skal dei stenge kl. 16.

For unntak frå reglane, må området etter vedtak frå statsforvaltar reknast som typisk turiststad. Statsforvaltaren kan etter søknad frå kommunen ved forskrift bestemme at eit område skal reknast som typisk turiststad for heile eller delar av året.

I 2013 godkjente tidlegare Fylkesmannen i Hordaland forskrift om godkjenning av Modalen kommune som typisk turiststad f.o.m. mai t.o.m. august; [Forskrift om godkjenning av Modalen kommune som typisk turiststad, Hordaland - Lovdata](#). Dette gjer at utsalsstader i Modalen kommune mellom anna ikkje kan halde opent på søndagar dei øvrige månadene.

I 2017 publiserte regjeringa ein NOU (2017:17 «På ein søndag?»), der Modalen kommune vert definert blant kommunane som er typiske turiststader heile året (jf. kap. 5).

I 2020 vart fylka slått saman, og det er Statsforvaltar i Vestland som handsamar søknader om godkjenning av kommunar som typisk turiststad.

Vurdering

Rådmannen vurderer at Modalen kommune har gode argumenter for å sende inn ein søknad om revidering av forskrifta med endring til godkjenning av Modalen kommune som typisk turiststad for heile året.

Regjeringa trekker fram at Modalen kommune vert reknast inn i denne definisjonen. I tillegg vil rådmannen her særleg peike på desse argumenta, som ein i større grad vil tydeleggjere i ein eventuell søknad til Statsforvaltaren:

- Tal heilårs-hyttar er prosentvis svært høg i kommunen
- Attraksjonar som trekk turistar inn i Modalen kommune er tilgjengeleg heile året
- Modalen kommune er tett kopla saman med– og sentralt ledd mellom E16 og E39.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Modalen kommune sender søknad til Statsforvaltar i Vestland om revidering av forskrift om godkjenning av Modalen kommune som typisk turiststad der ein søker om å bli godkjent som typisk turiststad heile året.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-V63	21/134

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
043/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Søknad om fritak frå buplikt gnr. 77 bnr. 40

Forslag til vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk handsaming utan tilråding.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

0 Konesjon (lokal forskrift om konsesjonsplikt bebygd eigedom i Modalen kommune) vart innført 25.10.1991. (og endra 31.08.2001) Bakgrunnen var at ein ville hindra at brukbare bustadhus berre vart nytta til fritidsbustad. Det betyr at dersom ein ynskjer å nytta eit bustadhus til fritidsbustad, må det søkjast om konsesjon.(gjeld ikkje for nær slekt.)

Vurdering av 0-konsesjonsforskrifta i Modalen kommune vart i saknr 041/2021 lagt fram for politiskhandsaming utan tilråding. Kommunestyret vedtok å vidareføra 0-konsesjonsforskrifta slik den ligg føre i dag.

Vurdering

Modalen kommune har motteke ein søknad om fritak frå buplikt på ein eigedom som eigar ynskjer å selgja. Dersom det ikkje er buplikt på eigedommen vil det truleg vera lettare å selja. I løpet av 1,5 år og tre annonserte visningar har det ikkje meldt seg nokon kjøper.

I rapportar ang. buplikt på bustadeigedommar er det ikkje funne bevist at buplikt fører til auka busetnad. Det kan vera vanskeleg å oppfylla buplikta pga. mangel på arbeid eller andre forhold. Buplikta kan virka prisdempande og kan føra til at færre eigedommar vert lyst ut for salg.

Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Vedlegg:

Politisk handsaming 1991 og 2001

Vurdering av 0-konsejnsforskrifta i Modalen kommune.

Søknad om fritak frå buplikt gbnr 77_40 (2)

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-014, FE-013	22/227

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
015/2023	Valstyret	PS	29.08.2023
044/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Endringar i røystestyre

Forslag til vedtak:

_____ (namn) _____ vert valt som nestleiar i røystestyret for Mo krins og erstattar Irene Vold Helland.

_____ (namn) _____ vert valt som 1. vara og _____ (namn) _____ vert valt som 2. vara for røystestyra.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I møte 25.03.21, [sak 15/2021](#) vedtok kommunestyret samansetjing av røystestyre for vala i 2021 og 2023.

Desse vart valt:

Medlemmer til røystestyre, Øvre Helland 2021 - 2023

Medlem: Siv Aina Gullbrå

Nestleiar: Vidar Reknes

Leiar: Aud Sonja Fjellanger

Medlemmer til røystestyre. Mo 2021 - 2023

Leiar: Jarle Midtun

Medlem: Terje Øvre Helland

Nestleiar: Rannveig Irene Eir Vold

Eit stemmestyre er eit kommunalt organ heimla i særlov og kommunelova reglar for slike organ gjeld også for røystestyret. Det vil seie at vedkomande må vere folkeregistrert som busett i kommunen for

å kunna vere medlem i røystestyret. Krav om kjønnsmessig representasjon må også ivaretakast.

Leiar i valstyret fekk 16. 08.23 melding om at nestleiar i røystestyret for Mo krins ikkje kunna vere med i røystestyret på valdagen. Årsaka er at ho flyttar ut av kommunen før valdagen. Valstyret må gjera nytt val av nestleiar til røystestyret. Det bør også veljast to varamedlemmer som kan steppe inn dersom noko uventa skulle skje.

Valstyret - 015/2023

VS - behandling:

Samrøystes vedteke

VS - vedtak:

Anne Hilde Skadal vert valt som nestleiar i røystestyret for Mo krins og erstattar Irene Vold Helland.

Barbro Rolland vert valt som varamedlem for Mo krins og Håkon Nåmdal vert valt som varamedlem for Øvre Helland krins.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-F30	22/81

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
045/2023	Kommunestyret	PS	07.09.2023

Justert oppmoding om busetting av flyktninger

Forslag til vedtak:

Kommunestyret i Modalen vedtek å busette inntil 25 flyktninger i 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det ekstraordinært høge talet på flyktningar frå Ukraina held fram med å vekse som resultat av Russland sin invasjon i februar 2022. Dei humanitære følgjene er dramatiske i Ukraina. I Europa er det meir enn 8 millionar fordrivne menneske frå Ukraina.

Kommunane har ei nøkkelrolle i busettinga og integreringa av flyktningane som kjem til Noreg. Tilbakemeldinga frå oppmodinga for 2023 viser at det framleis er stor vilje til å busette flyktningar. Samstundes er behovet for busetting i Noreg større enn den kapasiteten kommunane har meldt inn.

Oppdaterte prognoser frå utlendingsforvaltinga peiker på eit økt busettingsbehov i inneverande år. Behovet er dermed større enn det som låg til grunn då oppmodinga vart sendt i fjor. Det er no naudsynt å auke talet på busettingsplassar. IMDi sender difor ei justert oppmoding om å busette til saman 38 000 flyktningar i 2023.

Regjeringa har foreslått fleire verkemidlar for å støtte kommunane i arbeidet med å auke busettinga. Det er eit forslag i revidert nasjonalbudsjett for 2023 at kommunane får eit ekstra tilskot på 50 000 kroner for kvar flyktning dei busetter utover opphavleg oppmoding frå IMDi i november. IMDi vil samstundes bidra med støtte og rettleiing til kommunane for vidare busetting og integrering av flyktningar i året som kjem.

IMDi har fått innspel frå fylkeskommunane i arbeidet med fordelinga av oppmodningstalet til kommunane. Etersom dette er ei justert oppmoding, ligg dei same oppmodingskriteria og vurderingane for 2023 til grunn som i den opphavlege oppmodinga for i år.

Med bakgrunn i den nye situasjonen oppmodar IMDi difor Modalen kommune om å busette til saman 25 flyktningar i 2023. Dette er ein auke frå 20 busettingsplassar i 2023. Behovet for busetting av desse flyktningane gjeld for heile året og ein kan vente fordelingar utover året. Plassar som ikkje vert nytta i 2023 overførast ikkje til 2024. Personar som er søkt ut til kommunen i 2023, men som først vert registrert som busett etter årsskiftet, vil telje på kommunens vedtak for 2024. Dette er ei vidareføring av gjeldande praksis.

IMDi ber om at det kjem tydeleg fram av vedtaket kor mange flyktningar kommunen vedtek å busette i 2023. Vi oppfordrar til å gjere vedtak i tråd med talet det er oppmoda om. Vedtaket skal ikkje inkludere familiegjenforeina eller innehalde andre reservasjonar.

Vurdering

Modalen kommune har tidlegare i år gjort vedtak om å busette inntil 20 flyktningar i 2023. Den nye oppmodinga inneber ei auke på 5 personar. Samstundes har to av flyktningane som kom i 2022 flytta/meldt flytting til utlandet, noko som aukar talet på tilgjengelege bustader.

Kommunen har tidlegare i år kartlagt ledige kommunale bustader, samt oppfordra innbyggjarane til å melde inn ledige husvære som dei ynskjer å leige ut til dette føremålet. Totalt 6 stykker har meldt inn til kommunen at dei har husvære å leige ut. 5 av desse bustadane er på/nær Mo, medan 1 er på Øvre Helland. Dette gjer at kommunen pr dags dato har nok kapasitet til å kunne busette 25 flyktningar, dersom vi får anmoding om å busetje familiar og ikkje einslege. Ein annan føresetnad for å kunne busette inntil 20 flyktningar er at vi tek større delar av kommunen i bruk og ikkje berre busett på og nær Mo.

Når det gjeld skule og barnehage vil kommunen ha kapasitet til å ta imot begge stadar dersom det er born blant dei som kommunen blir bedt om å busette. Dette kan krevje oppbemanning av personell i høve kor mange born som kjem. Dette gjeld og i høve til vaksenopplæring i mellom anna norsk for vaksne flyktningar, som ein ikkje har tilsett personell til på noverande tidspunkt.

Styresmaktene forstår at dette er ein utfordrande situasjon også for kommunane. IMDi har stønadsordningar som blir utløyste for personane som kommunen skal busette. Det skal legges til rette for at kommunen skal kunne auke kapasiteten i tråd med behovet.

Personar som får mellombels, kollektivt vern er i målgruppa for busetting med offentleg hjelp, og vert busette etter avtale mellom IMDi og kommunen på same måte som andre flyktningar. Opphaldsløyva dannar grunnlag for rett og plikt til å delta i introduksjonsprogram i samsvar med integreringslova, så lenge flyktningen er busett etter avtale mellom kommunen og IMDi. Busettinga av ukrainske flyktningar utløyser dermed ordinært integreringstilskot.

Aktuelle tilskot:

Kommunar som buset flyktningar, får utbetalt integreringstilskot. Tilskotet blir utbetalt etter at flyktningen er busett. Tilskotet skal medverke til at kommunane arbeider aktivt med busetting og integrering slik at flyktningane kjem i arbeid, forsørger seg sjølve og deltar i samfunnet så raskt som mogleg.

Det er ulike satsar for tilskot, avhengig av i kva kategori ein person blir busett i år 1:

- integreringstilskot einslege vaksne kr 234 900 per år
- integreringstilskot vaksne og barn i familiar kr 189 400 per år

- integreringstilskot einslege mindreårige kr 182 300 per år
- barnehagetilskot, barn 0—5 år kr 27 100 per år
- eldretilskot, fylt 60 år ved busetting kr 176 000 per år

Det er og særskilte tilskotsordningar for kommunar som buset einslege mindreårige eller flyktingar som har eit særskilt behov for oppfølging og tilrettelegging. Kommunar kan og få tilskot for vaksne innvandrarak som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret i Modalen kommune føl oppmodinga frå IMDI og gjer vedtak om å kunne busette inntil 25 flyktingar i 2022. Kommunen si kartlegging av ledige kommunale og privateigde husvære viser at at det er ledig kapasitet til slik busetting, med føresetnad om at vi ikkje berre vert beden om å busette einslege/par.

Vedlegg:

Justert oppmoding om busetting 2023 - Modalen kommune